

Museet i Haugesund

10 års melding 1925—1935 og
Avhandlinger om Vest-Norsk kultur

Redaksjonskomité:

HEMING R. SKRE

form.

C. MAGNE RØNNEVIG JOHN A. DØSSELAND

HAUGESUND 1935

A.S. JOHN GRIEGS BOKTRYKKERI, BERGEN

FORORD.

Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene har i de første 10 år det har eksistert hatt sin fulle oppgave med å skaffe økonomisk basis for museumsarbeidet, skaffe lokaler og drive en systematisk innsamling. Det har ikke vært høve til å befatte sig med litterære oppgaver i nevneverdig grad, i de 10 år er det bare sendt ut et par mindre publikasjoner.

I anledning 10-års jubileet har vi imidlertid dristet oss til å utgi dette skrift, ut fra den oppfatning at museumsarbeidet ikke bare består i innsamling og opbevaring, men også i å spre videre en del av den kunnskap som gransking på de forskjellige områder som hører inn under museumsvirksomheten gir.

Det betyr et økonomisk offer for laget og dets knappe midler, men vi håper til gjengjeld å vekke interessen for museumsvirksomheten også for dette distrikt, slik at det kan bli stadig større tilslutning til oppgaven. Og oppgaven er å lære vår forhistorie og kulturhistorie bedre å kjenne, og å samle og opbevare ting av kulturell interesse på de forskjellige områder.

Styret.

Valfarting og lovnader.

I.

„Jeg kom nu fra de Varme Bad;
De vilde ikke virke,
Nu maa jeg hid at spørge ad
Om Røldals gamle Kirke.
Der siiges: at den har en Skat
Som Røldals Kaarset heder;
Og paa hver Sancte Hanses Nat
En krafftig Salve sveder;
Den heeler Krykke-Mænders Been,
At de, som Hinden spiller,
Den Blinde smør sin Øye-Steen
Og staver uden Brillen.
Ja, ufrugtsommelige Møer,
Som denne Svede rører,
De finder anden Kraft end før
Og Skumfar-Seiglet fører.
Did maa jeg hen; Maa skee jeg og
Kand Raad og Redning finde
For mine dumme Øyne-Log
Og Aske-Farved Kinde“.¹⁾

I år hev me eit noko uvanleg jubileum; det er 100 år sidan den vanlege valfarting til Røldal tok ende. Kyrkja der heldt dei fyrr for serleg heilag. Det vart valfarta dit frå heile Vestlandet og enno vidare. Alt 1622 skreiv biskopen i Oslo, Nils Glostrup, i visitasboki si då han vitja Vinje i Telemark: »Her berettede mig presten, att der driffvis en stor affguder i wdi Rolledaallen, som er en Annex till Sulldaall wdi Staffvanger Stifft, med itt crucifix, som allmuen søger, naar dennem naagen Sygdom paakommer, hvillked ieg hefftige laastede: etc. med mere hor imod naagle guode middell schaal bliffve beraammed«. ²⁾ Men desse rådgerdene kann ikkje

¹⁾ Ole Camstrup: *Trifolium Metricum* (Kbh. 1739) 4, s. 34—35, her etter Daae: *Norske Bygdesagn*² (Chr.a 1881), s. 1.

²⁾ Biskop Nils Glostrups *Visitatser i Oslo og Hamar Stifter 1617—1637* (Chr.a 1895), s. 42.



Røldal kyrkja fyre
umvølingi

ha verka stort; for bjørgvinsbispen Ludvig Munthe átvarar i katekismusforklaringi si mot å søkja til Røldal kyrkja og ofra henne pengar og voksljos. Bispen i Kristiansand, Jacob Kærup, sende i 1737 eit maningsbrev til ålmugen og refste avgudsdyrkingi og gav påbod um at korkje dei eller framande ved jonsoktider måtte tilbeda eller ofra åt det daude krusifikset, men på den tid ta det ned og lata det leggjast i ei kista eller treskuffa og gøymast hjå presten; men sidan kunde det som ein prydnad hanga på veggjen nedst i kyrkja. Alt hjelpte like lite. Det ser ut til at Suldals-presten såg millom fingrane med skikken. Han hadde og snautt makta å ta upp striden med røldølene, då valfartingi var ei god innkoma for bygdi.

Ferdene varde heilt til 1835. Då vart det gjort ende på dette ustellet; for denne sumaren hende det at både prostjen og presten var på visitas i Røldal nett då valfartingi gjekk for seg. Kvelden la seg over bygdi, og dei tvo herrane gjekk til ro; men burt imot midnatt tok kyrkjeklokkone til å ringja, det fløynde ljøs ut frå vindaugo i heilagdomen, og prestane gjekk til kyrkja og skulde sjå kva som var på ferde. Der var ei stor menneskemengd samla. So gøymde dei seg i bakgrunnen og såg alt som hende. 6 voksljos brann på altaret, røykjeverksskaret vart svinga på katolsk vis, det heilage krusifikset teke ned og sett i koret. Dinæst gjekk pile-

grimane rundt det, og med eit linklåde turka dei av den undergjerande sveiten frå panna og andlet. Kluten vart umhugsamt gøynd — til helsebot for alle sjukdomar. Biletet kom på plass att. So fylgde offeret, som kyrkje-eigarane skifte seg imillom.

Men jamvel fleire år seinare høyrer me at dette vart drive i løynd. Etter melding til biskop Jørgen Moe vart den siste midnattsgudstenesta haldi i 1840; men gåvor kom det til kyrkja lenge etter den tid òg. So seint som i 1850 skal ein mann frå Karmøy ha vore i Røldal og søkt råd mot ein vond fot; men presten vilde ikkje vita av det.

Denne katolske skikken greidde soleis å halda og hevda seg gjennom heile 300 år etter at reformasjonen var innført i landet, eit typisk døme på den makt som ligg i gamal tradisjon.

Jens Lauritzsøn Wolff²⁾ fortel i 1651 at »i Rørdals Kircke / hvor der holdis alleene Tienniste S. Hans Dag / findis et Crucifix / som giver nogen Fugtighed om den Tid / hvilcken de Syge / som da did kommer / stryger de stæder af deris Legemer med / hvor de Meen have / hvorefter de blive helbrede.«

Åsmund Olavsson Vinje gjev oss eit einfelt og folkeleg bilete av det som gjekk for seg:

I kyrkja til Røldal eit bilæt' hekk
so mang ein sæling til frelse;
for sjuke og saare til dette gjekk
og fingo atter si helse.
Og funne det var paa Jelse.

Det bilættet, det var ein undramann;
for helst so ved jonsoktider
det var so at sveiten sila og rann
ifraa det paa alle sider.
Det er som for oss det lider.

Fekk nokon av sveiten den minste dogg,
var sjukdomen yvervunnen;
um sjuk eller halt eller sår av hogg,
han var som til livet funnen
med lovord i sæle munnen.

²⁾ Norrigha Illustrata, Eller Norges . . — Beskrivelse, s. 184.

Vart saaringen lækt, med kniven so kvass
han bindet sprette og sprengde.
I kyrkja laag hundrade hestelass
med krykkjor som burt var slengde,
og ingen haltemann trengde.

Kvar stræva so godt som han kunde best;
for ingen vil boti gleppa.
So samlast dei der ifraa aust og vest,
og trengjast um inn aa sleppa.
Den tunna er traa aa teppa.

— — —
Han [Storegut] rudde deim vegen, og inn dei fór,
og bilætet kring dei hingo,
og alle kom fram med sitt bønarord,
og helsa dei atter fingo
og heim atter friske gingo.⁴⁾

Slike pilegrimsferder må ha teke til alt tidleg i kristentidi hjå oss. Soleis segjer skalden Toraren Lovtunga um Heilag Olav like etter slaget på Stiklestad i 1030:

Der kjem krjupande
kryplingflokken,
der som den heilage
herren kviler.
Blinde i mengd
og mållause
hit dei søkjer,
og gjeng heile ifrå.⁵⁾

Tyskaren Heinrich Heine fortel noko liknande frå Rindalen.
Der var det jomfru Maria som gjorde underverk:

Die kranken Leute bringen
Ihr dar als Opferspend'
Aus Wachs gebildete Glieder,
Viel' wächserne Füß' und Händ'.

⁴⁾ Storegut (Oslo 1917), s. 66.

⁵⁾ Snorre Sturlason: Kongesogor (Olav den heilage, §. 245).

Und wer eine Wachshand opfert,
Dem heilt an der Hand die Wund'
Und wer einen Wachsfuss opfert,
Dem wird der Fuss gesund.

Nach Kevlaar ging mancher auf Krücken,
Der jetzto tanzt auf dem Seil,
Gar mancher spielt jetzt die Bratsche,
Dem dort kein Finger war heil.

Stutt umsett vert dette: Sjuklingane kom til henne med kroppsdelar av voks, hender og føter. Den som gav ei vokshand, fekk lækt sári på handi, og den som ofra ein voksfot, vart frisk i foten sin. Til Kevelaar gjekk mange på krykkjor, som no dansar på lina. Rett mange spelar i dag fela, som fyrr ikkje hadde ein frisk finger.

Ved Røldal kyrkja låg det lenge kne, hender og armar av tre. Det var slikt som dei sjuke hadde late etter seg då dei fekk att helsa. Um Heggland kyrkja i Fyresdal fortel tradisjonen at »krykkjur og stavar laag i lang tid i kjørkja, som eit vitnemaal um at dei sjuke var lækte.«⁶⁾

I seinare tid hadde Røldal den mest vidgjetne lovekyrkja (sjå seinare) i landet. Dit kom dei sjuke og syrgjande sjølve — eller dei sende andre i staden sin. Alle skulde søkja trøyst og helsebot for lekam og sjel. Prost O. N. Løberg skriv slik i 1860-åri:⁷⁾


»Der gjordes løfter til den i store overhengende ulykker, i ildebrandstilfeller, i havsnød, i barnsnød og mange andre tilfeller; der lovtes til den for oppfyllelse av eftertraktede goder, for heldig hjemkomst efter farlig reise, for seier i kamp, for erholdelse av livsarving og for meget annet; der innkom gaver fra alle kanter, av takknemmelighet for hell i vanskelige foretagender, for uforutsett tilflytte goder, for overstanden sykdom, for vunnen kjærlighet, for mettet hevn; og utrolige rikdommer strømmet sammen, hvorved ikke alene en geistlighet hadde sitt rikelige utkomme og kostbarheter opdyngedes, men som også på mange forskjellige måter kom bygden tilgode.«

Det var krusifikset, eit undergjerande bilete, som skaffa kyrkja gjetord. Den vene Kristus-figuren viser den tornekruna, kross-

⁶⁾ Benedik Taraldlien: Fyrisdal, s. 50.

⁷⁾ Her etter „Gula Tidend“, 14. aug., 1934.

Krusifikset.



feste frelsaren. Arbeidet er fint utført i steinhard eik og gjev kunstnaren den største æra. Sjølve krossen er av fura. Kvar det er kome ifrå, veit me ikkje visst; men sakkunnige hevdar at det er eit norsk kunststykke frå 1200-talet. Upphavet må ein truleg søkja på desse kantar. Vinje nemner Jelsa i Ryfylke. Det er ein gamal kyrkjestad. Peter Niculausson er i 1345 nemnd som prest i Jelsa. Diktaren byggjer visseleg på folkeleg tradisjon. Heimegrendi hans låg ikkje langt undan Røldal, og det er tvil-laust at pilegrimane vandra gjennom Telemark. Truleg hev ein av hovudvegane gått der, på den gamle sambandsvegen millom aust og vest. Me veit at St. Tomas-kyrkja på Filefjell hadde eit lik-

nande lægje. Ho var òg »en af de saa kaldte *Love-Kirker*, fordi man, efter gammel Skik, lover en Gave dertil i Sygdom eller anden Nød.... Derhen sankes da fra nogle Miile, deels Overtroende, skiønt maaskee Taknemmelege, som med Offer ville betale Gud deres Løfte.«⁸⁾)

Segnene nemner andre stader. Eg siterar den eine frå midten av det fyrre hundradåret:

»Meget langt oppe i tiden lå en fattig fisker i sin båt ute på Korsfjorden — uvisst om det var den bergenske fjord av dette navn eller Korsfjorden i det nordlige Ryfylke. Det var en varm, vakker sommerdag og blikkstilte, som det også måtte være for å lokke den gamle og blinde mann ut; men han lå lenge uten å kjenne nappet. På engang fikk han et godt bit, og ved å nykke til mente han å ha fått en stor fisk på kroken. Men da han fikk fangsten op i vannskorpen, kunde han ikke få den i båten, og ved å føle sig for med hendene merket han at han hadde noget ganske annet enn fisk. Uten å kunne gjøre sig rede for hvad det kunde være, arbeidet han på å trekke det inn i båten, men forgjeves. Alle hans bestrebelser tiltross, vilde det ikke lykkes ham, skjønt anstrengelsens sved fløt nedover hans panne. Med hånden vilde han tørre sveden av ansiktet, da han med forbauselse blev var at han kunde se. Det første blikk var vendt opad med en inderlig takk for den plutselige helbredelse og det annet kastet han utenfor båten for å komme efter hvad han hadde på kroken. Og der fikk han øie på et vidunderlig skjønt billede av den korsfestede frelser, som hvilte rolig i sjøen, like ved båtens side. Atter vilde han som seende forsøke hvad han som blind ikke hadde formådd, men han maktet ikke å få billedet av vannet. Da lovte han å skjenke det til flere kirker som stod i ry for sin hellighet, til St. Svithuns kirke i Stavanger, til Apostelkirken i Bergen, til Fana, Avaldsnes, Moster og andre; men billedet forblev ubevegelig. Først da han blandt mange flere nevnte Røldals til den tid så godt som ubekjente kirke, kom der liv i billedet som så godt som sprang i båten. Den takknemlige fisker opfylte glad sitt løfte, og ledsaget av et tallrikt følge av troende venner og naboer førte han det undergjørende Kristusbillede til Røldal. Det varte ikke lenge før det viste sin undergjørende kraft, og ryktet om billedet i Røldals kirke spredte sig snart rundt om til alle

⁸⁾ E. Pontoppidan: Det første Forsøg. (Kbh. 1752). I, s. 70.

kanter og lokket først enkelte troende og siden pilgrimer i skarevis til den fjerne dal som til denne tid hadde vært så godt som ukjent av den liggende verden. I stedet for at kirken før hadde en eneste fattig prest som delte menighetens usle kår, fikk den nu en tallrik geistlighet hvis hovedsæte var på prestegården i kirkens nærhet, men også hadde filialavdelinger på gården Saltvoll og Gryting. Litt efter litt la kirken sig jordegods til, og ennu i våre dager ligger en femtedel av hele Røldal under kirken.«")

I Telemark var Heggland kyrkja mest kjend. Straks ovanfor henne låg ein stor sandhaug. Den dansa dei sjuke ikring og heldt kvarandre i hendene, og so var dei nede i åi og lauga seg. I dalen bak kyrkjegarden ser ein òg merke etter ein dam som er bygd i ein liten bekk. Jonsoknatti vakte folk i kyrkja, og fyrr dei drog av garde, vart det gjeve gåvor til gudshuset. På slutten av 1700-talet skriv Johann Michael Lund¹⁰⁾ at »den skal tilforn have været fattig, men siden kommet i en god Forfatning derved: at ikke allene Inden- men og Uden-Sogns boende have søgt den, og efter at have øvet deres Andagt inde i Kirken givet Penge dertil, hvornæst de ved Aaen, i den lille Skov som omgiver Kirken, skal have optændt en Ild, og der atter siunget og læst. Især skal Syge, eller de som havde Skade paa Helbred, saaledes søgt denne Kirke St. Hans Nat, og badet i bemældte Aae. Den egentlige Anledning til denne Skik har ingen kundet sige mig, men man beretter, at samme Skik indtil for faa Aar siden skal have været i Brug.« Kyrkja tapte gjetordet sitt då den gamle bygningen i 1671 var nedriven og bytt med ein større og ljosare.

Biskop Pontoppidan la ein gong vegen yver Filefjell »meest for at see den paa Fjeldet liggende St. Thomas Kirke, i hvilken uden al Fornødenhed og alene efter ældgammel Sædvane, holdes aarlig een eneste Prædiken, nemlig paa Mariæ Besøgsdag, maaskee fordi den Dags Text siger at Maria gik hastelig over Bjergene. Imidlertid har Præsten et temmeligt Legatum for at holde den ene Prædiken, og han har da saadanne Tilhørere som han kan være vis paa at søge derhen, endeel af overtroende Inbildning om at faae ved slig Valfart deres Sundhed igjen, eller og mod nogen Pengeoffer, som gjemmes i St. Thomæ Sparebøse til Kirkens Reparation, at betale Herren deres Løfte,

⁹⁾ Her etter „Gula Tidend“, 15. aug. 1934.

¹⁰⁾ Forsøg til Beskrivelse over Øvre-Tellemarken (Kbh. 1785), s. 222.

hvorfor Kirkens daglige Navn ogsaa er en Lovekirke sc. cui pia sunt facienda.«¹¹⁾ Ludvig Daae fortel at »Splinter og afskrabet Støv af dens Vægge og Døre sendtes lange Veie til Helsebod for de Lidende.«¹²⁾

Stiftamtmand og biskop gjorde i 1747 framlegg um at kyrkja skulde rivast, for »mange Mennesker søgte derhen,«¹²⁾ heiter det, »baade af Akerhus's og andre Stifter, en Del i den Superstition at faa Guds Hjælp i adskillige Tilfælde, og give en Foræring til Kirken, hvorved Afguderer bedreves«; men »General-Inspektions-Kollegiet« meinte »at denne Overtro og Ugudelighed let kunde udryddes og forebygges, naar en aarvaagen Præst ret underviste sin Menighed.« Det fann dessutan »at skulde Thomaskirken sløifes, da maatte ogsaa andre Lovekirker, f. Ex. Helenæ Kirke i Spydeberg, en anden Kirke i Aurdal o. s. v. nedlægges. Thomaskirken fik derfor denne Gang endnu Lov at blive staaende, og man nøiede sig med at lade Præsten formane Almuen »til at lade sin Overtro og sine Ugudeligheder fare.« Seinare vart kyrkja rivi, og no er det berre att restar av tufti.

II.

Ikkje berre lovekyrkjone, men mange andre institusjonar hadde i gamal tid si største innkoma av gåvor som vart gjevne ved lovnader, serleg i knipetak. Dette heng saman med menneskja si hjelpeløysa og uvissa i ei vanskeleg verd, der ikkje alt går etter utstaka linor. Vanheppa og motburd hopa seg stundom slik upp at folk trudde noko planvore låg bak. Då spursmålet ikkje kunde løysast med tanken, måtte ei høgre makt ha ei hand med i spelet, og det galdt å verta til vens med denne.

»Dei fekk Vitror stundom i Fyrevegen, so dei kunde venda Ulukka av. Der kom ein Mann til Haugen og bad til Bote.

»Koss hev du vorte arm'e«, sa Paal Haugen.

»De hev brunni«, sa Mannen.

»Daa kunna 'kji du ti de«, sa Paal.

»Jau«, sa Mannen — »eg ha høyrte Fyrebo; eg ha kunna be'e de av«,¹³⁾ men då han ikkje fylgde varslet, kom ulukka. Trui var urikkande. »For ikring hundrad år sidan vart dei vise med eld

11) Pontoppidan: Levnetsbeskrivelse, s. 146.

12) Norske Bygdesagn², s. 13 f.

yver Sandvin. So ofra dei te Odda-kyrkja, og uheppa vende seg burt.«¹⁴⁾ Slike varselsljøs vart ofte sedde over hus eller tun. Dei skulde alltid tyda brand. Den som såg eit sovore teikn, rekna det for ei streng samvitsplikt å segja frå til folket på garden, og desse kjende det like ålvorleg; dei hadde skyldnad til å avbøta ulukka ved ei gåva til eit eller anna gudleg fyremål. Vestanfjells vert »Spitalen«, St. Jørgens hospital i Bergen, oftast nemnd. Stundom var det ei kyrkje eller eit fatighus. Dersom husbonden ofra ei halv tunne mjøl, eit speke naute-lår eller noko slikt, so kunde han vera trygg. På Hauge ved Haugesund »såg« dei eld. Då vart det gjeve sylv til »Spedalen«. På Spanne hende dette fleire gonger. Det vart jamvel nytta til å pressa pengar ut av folk.

»Men å lova burt, det var jamnaste vanen,« fortel Johannes Skar frå Setesdal. »Der kom burt tvo Stutar paa Løngerak; men heile Løngerak var i eit Bruk daa, og det var ei Ekkje som sat der. Daa lova ho burt ein Skogteig til Sandnes Kyrkje. Dei fann Stutane, og Teigen vart lagd til Kyrkja.« Ein gong var der ein mann som heldt på og drukna. Då lova han burt kvar tråden på kroppen, ei tunna korn og beste bjøllekui si. Med same skaut det han upp på isen. Dei laut leida han heim — so kvitt var han.

Sjømannen lova til Heilag Olav når han kom i livsfåre på havet. Straks skuta kom til lands, løyste han lovnaden sin og var so ferdig med den saki; men bonden hadde stødt fåren for uår hangande over seg; det låg då nær å binda seg til noko visst årleg for god grøda og fred.

Nordanfjells hadde dei ei utreidsla til domkyrkja: olavskorn, olavsfé eller olavstoll. Det var ei fast avgift, ei halv våg korn, ein gild fisk eller ein halv sylvøyre til manns. Folket var soleis med og betala til opphald av St. Olavs heilagdom i Nidaros og til messelesnad der. — Rettarboti til Håkon Håkonsson nemner olavsskatten som ei avgift som fyrr var fastsett gjennom avtale. Skatten skriv seg visseleg frå tidi fyre honom; men som bundi avgift til domkyrkja er han nok ikkje eldre enn frå den tid dei for ålvor tok til å byggja domkyrkja um til rikskatedral. Den årlege inn-sankingi av olavsskatt sunnanfjells og vestanfjells står tvillaust saman med den aukande glansen det kom til å stå av Heilag Olavs kvileplass, og det er fleire ting som talar for at frå fyrst av hev det vore ei *friviljug* avgift til Norges ævelege konge, med andre

¹³⁾ Skar: Gamalt or Sætesdal, IV, s. 23, 36.

¹⁴⁾ Opedal: Makter og menneske, II, s. 34.

ord at olavsskatten er ei form for bøndene si Olavs-dyrking. På 1300-talet betala dei svenske bygdene i Ångermanland og Helsingland ein olavsskatt til Nidaros erkestol. Denne utreidsla må opphavleg ha vore godviljug. Ho er kalla *heitafé*, ei gåva som er lova, helst til ein heilagdom. Både innan heidendomen og katolisismen finst det rikeleg med parallellar til dette bruket.¹⁵⁾

Alt saman botnar i den kjende lagnadstrui, og »denne stoiske mening om et uforgjengeligt fatum tror næsten alle almuen folk her i landet, og volder samme ikke lidet til nationens tapperhed og dristighed i faren,« segjer De Fine i si skildring av »Stavanger amt« frå 1745 (s. 225). Presten Hans Strøm på Sunnmøre hev mest samstundes ei liti utgreiding um ordet »Lagna«, og der finn me m. a.: »En stor Aarsag til Bøndernes Skiødesløshed i at rygte sit Qvæg, naar de have Vanlykke dermed, er og denne, at de ofte ansee Creaturenes Vantrivsel og Død for en pur Skjæbne, som ikke staar til at ændre.«¹⁶⁾

Det fanst likevel ei råd. Den høyrer me um på erkebisp Eysteins tid, i det 12. hundradåret. Det er ei saga som hende honom sjølv og er medteki i den legendesamlingi han fekk til: Frå ei av trøndelagsbygdene kom det ein bonde med ein tri-ærings ukse til domkyrkja i Nidaros. Då erkebispen spurde kvifor han kom med denne, fortalde mannen at han fyrr i 7 år på rad hadde havt ulukka på feet sitt. Anten tok ikkje kyrne kalv, eller so døydde kalvane for honom. Det såg reint ille ut; men so rådde grannen honom til å gjera bøner og lovnader til Gud og den heilage Olav. So lova han å ofra den fyrstefødde undan kyrne kvart år. Og underleg var det; på dei tri åri som var gjengne etter lovnaden, hadde han fått 12 kalvar. Den fyrste som kom kvart år, ol han upp for Heilag Olav. 1-æringen og 2-æringen stod heime og skulde veksa; men 3-æringen kom han med her.¹⁷⁾

Mange stader i landet går det forteljingar um faste avgifter som folk den dag i dag betalar, av di det ein gong vart gjeve ein lovnad um årvisse gåvor, so framt Gud vilde hjelpa i ein svær vanske. Ved nærare etterrøkjing viser det seg at me her ofte hev med vandresegner å gjera; men stundom ligg det historiske fakta bak. Eg skal ta fram eit einstaka døme. Frå barnsbein av høyrde eg um Ylvisåker-hella i Sogn — eller »Paolshedla«, som folki på

15) Sjå Andr. Seierstad: Olavsdyrking i Nidaros og Nord-Europa, s. 85.

16) Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, I², s. 201.

17) Her etter Seierstad: Olavsdyrking, s. 83 f.

garden kalla henne. Forteljingi var ålkjend i Sogndal og lydde som oftast slik: »På Ylvisåker ligg ei stor hella laus i fjellet. For å verna seg, so ho ikkje skulde detta ned, gav ylvisåkringane frå gamalt eit årleg offer til »Spetalen« i Bergen. Eit år dei nekta, seig hella, so tok dei på att.« Dei eldste og beste forteljarane veit meir um dette: »Når hella kjem, so skal Ylvisåker gå med, ja dei segjer òg at Venes som ligg på den andre sida av fjorden, vil strjuka med, like eins Fardals-stodi og Eskestrand.«

Folk hev halde dette for ei segn; men for ei tid sidan kom eg over eit dokument som viser samanhengen i saki. I slutten av 1600-talet fall det ned eit stort stykke or fjellet og la seg nær husi. Det såg ut til at meir kunde koma. Då fekk bøndene støkk i seg og vart so redde at dei lova å gjeva ei årleg avgift — ikkje til »Spetalen«, som segni segjer, men til Stedje og Kaupanger kyrkja »paa det at gud skulle af hans guddommelige almagt befrie gaarden fra fornefnte løsliggende fields nedfald /: hvor ved, det gud dog Naadelig afværge, baade gaardens huuser saavelsom den meste og beste herlighed af ager og eng efftersom det lade sig til-syne, ville bortgaae.« So vert det nemnt »at der for samtlige op-siddere som baade have været og nu ere paa gaarden Ulvigsager have holdet dette gave løffte ligesom Fædrene og betaler hver effter sit brugende løbetal samme gaveløffte.«

Jamvel i våre dagar må bøndene på Ylvisåker ut med denne serskatten på grunn av ein lovnad som vart gjeven for ei 250 år sidan. Hevdsretten — eller tjuaretten, som han populært vart kalla — gjer at dette no er *plikt*. Det nyttar visst ikkje å koma ifrå han.

Dei meinte soleis å kunna venda Guds vreide ved offer eller gåvor. Dette er ikkje noko nytt. Sjølvve grunnlaget for gudsdyrking og tru ligg i eit sovore syn. Me finn slike minne i Det gamle testamentet. Mosebøkene gjer krav paa tiend som offer,¹⁸⁾ elles vil ikkje Guds signing kvila over ætti. »Og dei framande og far-lause og enkjone som bur innan portane dykkar, skal koma, og få det dei treng. Då skal Herren, din Gud, velsigna deg i alt det du gjer og tek deg fyre« (5 Mos. 14, 29). I den norske homilieboki frå tidi 1200—1225 finn me m. a.: »For so er det skrive i dei heilage bøkene: Kvar mann som ikkje vil gjeva tiend av godset sitt, soleis som Kristus sjølv sa og baud oss, han er forboden å

¹⁸⁾ 3. Mos. 27, 30; 4. Mos. 18, 21; 5. Mos. 26, 12; 5. Mos. 14, 22.

koma i Guds rike og dømd til helvete; og for slikt kjem sotter på folk, vondt ver og uår.«

Både når det galdt lekam og sjel var valfarter og lovnader tryggjande rådgjerder. Trui på gode gjerningar var sterk. Dette kunde jamvel verta nytta so langt at den som gav pengar til sers gode fyremål, fekk von um ein snarveg til himmelen, slik som det typisk er uttrykt um avlatshandelen:

»Når pengane i kassa kling,
sjelene ut av skirselden spring.«

Kjell Bondevik.